

Kozorog kamnik

Statsrevir Kozorog Kamnik er ei stor fjellkjede på 50 000 hektar i Nord-Slovenia, området er kjent som eit av dei beste jaktområde for alpinsk gemse. Reviret er delt opp i 16 mindre revir med kvar sin tilhøyrande yrkesjeger. Jaktområdet er variert og ein kan finne gemser frå 600 moh og opp til over 2000 moh. Slik sett vil ein kunne lukkast nærmast uansett fysisk forutsetningar.

Kozorog har ein sterk bestand og årleg feller dei ca 340 stk. Normale gemser ligg mellom 85-95 CIC, men det er reale sjangsar for gemser over 95 til ca 105 CIC om ein ynskjer det, spesielt i dei høgare område.

Jaktseasonen startar 1.august og varar ut desember. Gode sjangsar for suksess uansett tidspunkt, men brunsten frå slutten av oktober og ut november er å føretrekke om ein er ute etter eit godt trofé med best mogleg skinn. Veiret er normalt sett stabilt fram til medio november. Etter dette kan det komme store snøfall.

I terrenget er det over 20 jakthytter som kan nyttast til innkvartering under jakta der ein sjølv syter for maten. Guide/yrkesjeger kan være behjelpelig med innkjøp av mat. Andre alternativ er ulike pensjonat/hotell nede i dalføra, meir bilkøyring må påreknast frå og til jakt ved denne innkvarteringa.

Ein blir henta av yrkesjegerane om morgonen og etter ein køyretur begynner oppstigninga til fots og ein tilbringar dagen ute i fjella. Ved dårlege vêrforhold tar ein gjerne eit avbrot i jakta midt på dagen.

Prisoversikt:

Pris per jeger.....750€

Inkluderer:

- 3 dagar med jakt 1:1
- 4 netter i jakthytte med sjølvhushold
- Guide/yrkesjeger
- Organisering
- Oppmåling og preparering av trofé(koking)

Ikkje inkludert:

- Troféavgifter
- Kjørsel under jakt, rekn med ca 1,2€ per km, blir berekna utifrå dei eksakte drivstoffprisane under jakta.
- Tips
- Flybillett
- Skal gemse skuldermonterast må ein kjøpe heile dyret, dette blir utrekna frå marknadspris på dåverande tidspunkt, rekn med ca 5-7€ per kg og ei vekt på 20 kg.



- Evt. leigebil
- Transport tur/retur Ljubljana -revir
- Evt. utstopping
- Innkvartering i pensjonat/hotell

Prisliste gemse:

- Opptil 70 CIC.....680€
- 70,01-80 CIC.....880€
- 80,01-85 CIC.....1050€
- 85,01-90 CIC.....1250€
- 90,01-95 CIC.....1400€
- 95,01-100 CIC.....1710€
- 100,01-105 CIC.....2200€
- 105,01-110 CIC.....2810€
- Kwart poeng over 110 CIC.....225€
- Kje.....75€
- Abnorm.....1220€
- Skadeskyting og ikkje funnen.....630€
- Bomskot.....100€



post@reliajaktreiser.no
 reliajaktreiser.no
 Mob: + 47 95205880

